

**JUBILEUMSFEIRING**  
**FOR**  
**NORDHERADSPROSJEKTET OG**  
**UTVALD KULTURLANDSKAP I NORDHERAD**



**14. OG 15. SEPTEMBER**

**PÅ FLÅTEN**

Det er 20 år sidan starten på Områdetiltak i Nordherad, som etter kvart vart Nordheradsprosjektet, og 10 år sidan Nordherad vart med blant utvalde kulturlandskap.

Dette skal vi feire med eit ope arrangement

**på Flåten laurdag 14. september kl. 14.00.**

Der blir det

- Musikalske bidrag frå Ragna Valde Sletten, Kjetil Visdal og Martin Barlund.
- Helsingar frå nyvald ordførar og representantar for Fylkesmannen.
- Jo Kåre Bakke fortel om familiane som bygde opp og budde på Flåten og andre bruk nordmed Landom.
- Camp/aktivitetar for ungane ved Sofie Kleppe.
- Servering av Flåtsupe (kjøtsupe), hardbrød og heimbryggja øl.

Utover kvelden blir det sosialt samvær, gode historier frå grenda og kanskje nokre «kvæke leikje».

**Sundag 15. september**

Blir det gaida tur til Flåten med Bjørg Schultz og Per Stabell som gaidar.

**Start frå Midtli kl. 11.00.**

Når turfølget kjem åt Grevrusten, vil Knut Arild Teigum fortelja om historia til plassen og restaureringsarbeidet der.

På Flåten blir det opne hus og sosialt samvær. Grendalaget serverer kaffi og kringle.

Det blir omvising og orientering om arbeidet med Flåten.

Båe dagane er det ønskjeleg at flest mogleg parkerer ved Midtli og tek med sitjeunderlag og godt med klede. Det er fint viss spelmenn og –kvinner tek med seg noko å låte på utover laurdagkvelden.

Vel møtt!

Helsing

Nordheradsprosjektet